

## PROTOKOLL ÅRSMØTE FNF SOGN OG FJORDANE 6. MARS 2008

### Deltakarar:

Linn Hjelmeland	Sogn og Fjordane Naturvernforbund
Sissel Strømmen	Sunnfjord Kajakklubb
Kjell Oddvin Hjellbrekke	Sogn og Fjordane Turlag
Alvar Melvær	Sogn og Fjordane Turlag
Thorleif Jakobsen	Sogn og Fjordane Naturvernforbund / Speidarane (styringsgruppe)
Leiv Sølvsberg	4H Sogn og Fjordane (styringsgruppa og kokk)
Øyvind Hopland	Norges Jeger- og Fiskerforbund –Sogn og Fjordane (vara styringsgr.)
Reidun Solberg Seim	Norges Jeger- og Fiskerforbund –Sogn og Fjordane
Astrid Eliassen	FNF Sogn og Fjordane

### Sak 1. Godkjenning av innkalling

*Innkallinga einstemmig godkjent.*

Øyvind Hopland vald som møteleiar og Reidun Solberg Seim vald som sekretær.

### Sak 2. Årsmelding og rekneskap

Kommentarar:

- Tilslutningserklæring: Forslag: tilskot kun til dei organisasjonane som har skreve under.
- Nettside: Kjem ny og betre side frå sentralt hald.
- 100.000 frå fylkeskommunen, - ikkje brukt opp i 2007, jobb som er gjort tidlegare for fylkeskommunen, derfor høgt overskot. Hovudsakleg brukt på Nordsjøløypeprosjektet.
- Kortsiktig gjeld: lønn som var fakturert feil.

*Årsmelding og rekneskap einstemmig godkjent*

### Sak 5 Ymse:

Arbeidsutvalet får mynde til å utarbeide retningslinjer der FNF dekker utgifter / deler av utgifter på kurs og seminar. Arbeidsutvalet får også mynde til å lage nye retningslinjer der ein flettar inn at det er kun dei som har skreve under og sendt inn tilslutningserklæringa som får tilskot.

### Sak 3. Val av representant frå Frifo-organisasjonane/Naturvernforbundet til arbeidsutvalet

Kvar organisasjon sender inn forslag på representantar etter årsmøta sine.

Leiv Sølvsberg går ut av gruppa i løpet av året, og forslag på ny vil bli sendt inn rundt 1. okt.

### Sak 4. Arbeidsprogram og budsjett for 2008

Legger til ”strandsona og kystsona” og ”klimautfordringar” i kulepunkt 6 under ålmenne oppgåver på årsplanen. Bytar ut orda”og anna” i kulepunkt 6 til med meir.

Endrar siste punkt ”Friluftsliv for alle kvar dag” til ”Friluftsliv for alle kvar dag for alltid”

Driftsbudsjett som går i balanse. Prosjektmidlar kjem utanom.

*Arbeidsprogram og budsjett 2008 einstemmig godkjent.*

Reidun Solberg Seim  
Referent